

Råd og tips ved motering og bruk av eldstader.

Etter plan- og bygningslova skal alle oppføringar og endringar på skorsteinar godkjennast av bygningsmyndet i kommunen.

Etter brannlova skal all installasjon og endring av eldstader meldast til brannvernet i kommunen.

Husk også at installasjon av eldstad må kontrollerast av ein kvalifisert kontrollør før det vert teke i bruk.

Kvalifisert kontrollør kan vera feiar, murmeister, varnemeister eller andre med tilstrekkeleg kompetanse. Det er ein fordel at denne kontrollen vert dokumentert skriftleg.

Monteringsretteinga frå leverandøren av eldstad og skorstein må alltid fylgjast.

Det er derfor viktig å fylla ut og ta vare på kopi av skjemaet på neste side som dokumentasjon ved tilsyn / kontroll frå brannvernet. Dokumentasjon av rett montert eldstad er og viktig ved kjøp og sal av eigedommen.

Fyr med tørr ved

Tørr ved gir høgt varmeutbytte av brenselet, lite sot i skorsteinen og minimal forurensing.

Ferskt trevirke inneheld ca 60% vatn. Dersom veden er godt tørka er vassinnhaldet redusert til 20% og varmeutbyttet vert 2.5 ganger større.

Ikkje bruk bensin, parafin eller ander brannfarlege væsker til opptenning.

Fyr med god trekk

Det trengs mykje luft til god forbrenning. Hyppige ilegg med små mengder brensel og god varme i omnen gir god forbrenning og er god ein fyringsvane. Med små ilegg unngår ein så kraftig fyring at det oppstår skade på omn og skorstein.

Unngå rundfyring

Når ein fyrer med ovnen full av ved og med trekken gjennskrudd vert det dårleg forbrenning og det kan på denne måten danne seg beksot i skorsteinen, og som kan ta fyr. Det kan også ved denne fyringa kome utblåsinger frå omnen som kan gi store sotskader i bustaden. I verste fall kan giftig gass leke ut i romma og føre til forgifting.

Dersom sotbrann.

Dersom sotbrann oppstår må ein straks stenge att alle omnsventilar og luker som fører til skorsteinen. Ver spesielt merksom på peisspjeld. (Vert det fyr i peisen må det sjølv sagt ikkje stengast). Hald godt auge med loft og kjeller og eventuell røyktvikling ved etasjeskilla og dei stadane der treverk kjem nær inn til skorsteinen.

Slokkinga bør ein overlata til brannvernet. (Ring 110)

Etter brannen må skorsteinen kontrollerast av feiar.

Ta gjerne kontakt med brannvernet i kommunen ved spørsmål om installasjon av eldstader og andre spørsmål om skorstein og feiing.

Helsing brannvernet i Volda kommune.